

RENNESØY KOMMUNE

Reguleringsbestemmelser for Plan 2017002 Detaljregulering for G-/S-veg langs Hanasandveien frå Østhusvik til Eltarvåg.

Vedteke av Rennesøy kommunestyre 11.03.2019, sak 13/19, i medhald av plan- og bygningslova §12-12.

Avgrensing

Planavgrensing er vist med reguleringsgrenser på plankart i A2 med målestokk 1:2000, datert 06.02.19. Plankartet er delt opp i 7 utsnitt på grunn av storleiken på planområdet.

§ 1 FØREMÅL MED PLANEN

Føremålet med planen er å leggja til rette for gang- og sykkelveg langs Hanasandveien frå Østhusvik til Eltarvåg.

§ 2 FELLESBESTEMMELSER

- § 2.1 Ved detaljprosjektering kan det tillast praktiske tilpassingar innføre planområdet der det er naudsynt for å oppnå gode løysingar for drift av tilstøytande landbrukseigedommar.
- § 2.2 Prinsipp om universell utforming skal leggest til grunn ved gjennomføring av planen der dette er mogeleg.
- § 2.3 Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar av automatisk freda kulturminner, skal arbeidet straks varslast kulturstyresmaktene og alt arbeid stansast inntil vedkommande myndighet har vurdert funna nærare.
- § 2.4 Terrenngrep i samband med tiltaka skal gjerast på ein skånsam måte. Eksisterande steingardar skal så langt det er mogleg bevarast slik dei ligg. Skjeringar og fyllingar skal ha ein tiltalende utforming ved ferdigstilling.
- § 2.5 Masser som blir fjerna i samband med anleggsarbeidet skal i størst mogeleg grad nyttast som byggeråstoff i veganlegget. Matjord som eventuelt vert overflødig som følgje av tiltaka, skal sikrast ei forsvarleg gjenbruk i nærområdet, primært til jordbruksføremål.
- § 2.6 Fellesføring og restriksjonar for leidningseigarar, samt endring og flytting av trafostasjonar, må avklarast med Lyse AS i samband med detaljprosjektering av tiltak.
- § 2.7 Innanfor planområdet kan det leggest offentleg vassleidning og annan infrastruktur som kablar og røyr. Alle tiltak innanfor planområdet skal avklarast med IVAR.

§ 3 FØRESEGNER TIL AREALFORMÅL

Bygningar og anlegg

§ 3. 1 Bustad

Innanfor området kan det etablerast bustader etter utarbeiding og godkjenning av reguleringsplan for område avsett i kommuneplanen.

§ 3. 2 Råstoff

Innanfor området kan det etter utarbeiding og godkjenning av reguleringsplan for område avsett i kommuneplanen, tas ut massar til byggeråstoff.

§ 3. 3 Idrettsanlegg

Innanfor området kan det etablerast idrettsanlegg etter utarbeiding og godkjenning av reguleringsplan for område avsett i kommuneplanen.

§ 3. 4 Øvrig kommunalteknisk anlegg

Eksisterande pumpestasjon inngår i området. Denne kan utvidast og oppgraderast i samband med utbygging av gang- og sykkelveg. Dersom det er behov for ny og større stasjon kan denne etablerast innanfor området.

Samferdsel og teknisk infrastruktur

Gang- og sykkelvegen med tilhøyrande anlegg skal opparbeidast etter tekniske planar godkjent av aktuell vegmynde.

§ 3. 5 Køyreveg

Området omfattar del av fv. 575, avkøyningar for private tilkomstvegar og opningar i rabatt/tilkomst til landbruksareal. Areal for køyreveg skal etablerast som vist i plankartet. Fylkesvegen er offentleg og avkøyningar er private.

§ 3. 6 Gang- og sykkelveg

Innføre området skal gang- og sykkelveg etablerast med breidde 3 m, som vist i plankartet. Eigarform er offentleg. Eksisterande undergangar for dyr (vist som tunnel i plankartet) skal forlengast gjennom ny gang- og sykkelveg. Den utvida undergangen skal ha same breidde og høgde som eksisterande del. Undergangen skal tilpassast landbruksareal på vestsida av gang- og sykkelvegen. Undergangen skal byggjast i samråd med grunneigar.

§ 3. 7 Annan veggrunn

Arealet skal nyttast til grøfter, drenering, mur, fylling og skjering mot eksisterande terreng. Rekkverk, skilt og lyktestolpar m.m. kan plasserast innføre området i samsvar med teknisk plan. Eigarform er offentleg.

Arealet skal gjevast ei tiltalande overflate.

§ 3. 8 Kollektivhaldeplass

Arealet skal nyttast til fasilitetar knytte til haldeplass for buss. Innføre arealet kan det etablerast leskur og sykkelparkering. Plassering av leskur skal vere rettleiande. Eigarform er offentleg.

Landbruks-, natur- og friluftsmål

§ 3.13 Landbruks-, natur- og friluftsmål

Arealet skal nyttast til landbruksformål.

§ 4 OMSYNSSONER

§ 4.1 Frisikt (H140)

Innanfor frisiktssona skal det vere fri sikt frå 0,5 til 3 meter over tilstøytande vegar sitt nivå. Enkeltstående høgstamma tre, skiltstolpar ol., kan tillatast i siktsona.

§ 4.2 Bevaring naturmiljø (H560)

Omsynssona omfattar to holer eiker som skal bevarast i samsvar med forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova. Det er ikkje tillate med tiltak eller verksemd som kan skada trea eller rotsystemet innanfor omsynssona, herunder trafikk med tunge køyretøy. Ved anleggsarbeid skal det settast opp gjerde for å sikra trea mot skade.

§ 5 BESTEMMELSESONRÅDE

§ 5.1 Anlegg- og riggområde (#1)

Formål som er omfatta av midlertidig anlegg- og riggområde, kan i anleggsperioden nyttast til verksemd som er naudsynt for anleggsdrifta. Anlegg- og riggområde skal framstå som ryddige og skal vere minst mogleg til sjenanse for omgjevnaden.

Når anleggsarbeidet er avslutta skal areala settast i stand med same kvalitet som i dag eller betre. Reguleringsformålet midlertidig anlegg- og riggområde skal opphevast når kommunen har fått melding om at anlegget eller deler av dette er ferdigstilt og arealet går over til underliggende formål som vist i planen.

§ 6 REKKEFØLGJEBESTEMMELSER

§ 6.1 Før tiltak vert sett i verk, skal det liggja føre teknisk plan utarbeidd etter krava nedfelt i Statens vegvesen sine handbøker. Teknisk plan skal godkjennast av Statens vegvesen. Planen skal innehalde skiltplan og plan for gatelys. Prinsippskisse for overvatn skal leggest til grunn for utarbeiding av tekniske planer.

§ 6.2 Det skal utarbeidast teknisk plan for overvasshandtering, som skal godkjennast av kommunen og leidningseigarar (som Lyse AS, IVAR), før tiltaket vert sett i verk.

§ 6.3 Teknisk plan for gang- og sykkelveg med nødvendige tekniske installasjonar i grunnen skal godkjennast av IVAR før tiltaket kan godkjennast etter plan- og bygningslova.